

# Ordføraren sitt hjørna – november 2015



Dei siste vekene har mykje av dagane gått med til budsjettarbeid. Rådmannen la fram administrasjonen sitt framlegg sist i oktober. Det var eit budsjett med klar intensjon om å vidareføre tenestenivået på dei fleste områda , og samstundes greie å dekke opp alt ekstra kring asyl- og flyktnings situasjonen. Det er også lagt inn ei utvida avdeling i barnehagen på Ulsåk, dvs 6 nye plassar.

Statsbudsjettet gav Hemsedal ei lågare ramme i sum rammeoverføring / skatt enn forventa. Statsbudsjettet si vurdering av forventa skatteinntekter for 2016 er 1,5 millionar høgare enn skatteanslaget som rådmannen har våga å legge seg på. Det er lagt inn skatteinntekter for 2016 på 66,5 millionar , som er ca 4 millionar høgare enn det som ser ut til å bli resultatet i 2015. Økonomiutvalet støttar rådmannen si vurdering.

Kraftprisen er låg, og det gjer oss dårlegare utbytte på kraftforvaltninga av andels- og konsesjonskrafta vår. Uttaket er sett til 6,5 millionar mot 8 millionar året før.

Eigedomsskatt på verker og bruk er uendra frå året før, ca 10 millionar.

I sum var det derfor nødvendig å finne innsparingar på 4,5 millionar i høve 2015 budsjettet for å koma ut med eit positivt resultat. Det er gjort fleire rokkeringar på stillingar for å tilpasse aktiviteten t til forventa situasjon i 2016.

I rådmannen sitt framlegg er m.a. avsetting til ENØK-fond på kr 200.000 tatt ut og det var lagt inn betaling frå lag og organisasjonar for bruk av kommunale hus med kr 150.000.

Rådmannen sitt framlegg hadde eit «overskot» på ca kr 250.000.

Økonomiutvalet har i 3 møter gått inn i budsjettet og saman med administrasjonen , og « fleire steinar snudd på ny». Det vart då oppdaga at inntekter og utgifter i samband med asylmottak og busetting av flyktingar var underbudsjettet. Det har vorte fleire endringar i både talet på asylmottak og flyktingar dei siste månadane ,og oppdaterte tal er lagt inn. Det vart og gjort ytterlegare reduksjon i ei assistentstilling i skulen, og justering av foreldrebetaling i barnehagen. Barnehagesatsane er no sett lik satsane som ligg inne i Statsbudsjettet. Rådmannen sitt framlegg vart justert til eit «overskot» på ca 1.5 million.

Endeleg handsaming av økonomiplanen/budsjettet skjer i møte komande tysdag, 1. desember. Framlegget blir då lagt ut til høyring fram til handsaming i kommunestyremøtet den 17. desember. Økonomiutvalet har så langt lagt inn desse tiltaka i driftsbudsjettet:

1. Lag og organisasjonar skal framleis ha fri bruk av kommunale hus. Lagt inn att med kr 150.000. Økonomiutvalet set pris på den store innsatsen frivillige lag og organisasjonar gjer i Hemsedal. Det er heilt naturleg at kommunen stiller med gratis lokaler.

2. Det vert tilført kr 250.000 til ny arealplanleggjar med halvårsverknad for 2016. Kommunen har eit stort press på diverse planer. Kommunepolan skal rullerast i denne perioden, og det er eit stort arbeid. Eg kjem meir attende til det i ein seinare kommunepost.

3. Diverse vedlikehald i Båstø med kr 50.000.

Investeringsbudsjettet legg opp til store investeringar i 2016. Det er store lyft som skal gjerast innanfor VA, der tilrettelegging for utbyggingar er ein vesentleg del. Dette blir i stor grad refundert av utbyggjarar. Utbetring av kommunale vegar blir neste år gjort / fullført på Fløgovegen, Svøvegen og Hustadvegen. Grøndalsvegen ligg inne i 2017 og 2018. Bygging av flyktningsbustadar vart fløtt fram frå 2017 til 2016. Flyktnings situasjonen er slik at det hastar. Det er sett av 11 millionar til dette føremålet. Elles sette økonomiutvalet av 1 millionar som kommunen sitt bidrag til gangveg/lysløype Tuv – Holdebakken på sørsida av elva. Dette er tenkt som eit spleiselag mellom fleire.

Økonomiutvalet sitt framlegg har såleis eit «overskot» på ca 1,1 millionar slik det ligg an no. Det kan koma endringar i siste møtet.

Veksten i folketalet i Hemsedal held fram 1. oktober var me 2407 innbyggjarar, ein oppgang på 63 sidan nyttår. Det er gledeleg at stadig fleire ser Hemsedal som ein god plass å bu.

No til helga opnar skiheisen, og i løypene på Gravset er det også lagt snø. Rulleskiløypa i Totteskogen er ferdig med lys, men ikkje asfalt. Det blir nok ein bra vinter!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordførar